


Då det budde tyskarar på bedehuset

109342

Av: Tomas Finnvik



Bedehuset

Eg var seks år den sommaren det flytte tyskarar inn på bedehuset på Hyttebøen i Imsland. Dei var eit halvt tjug i talet, og budde der frå våren til seinhaustes i 1943.

Bedehuset ligg berre omlag 50 meter frå huset vårt, så det var ikkje til å unngå at me kom dei nokså nær innpå livet.

Eg minnest at foreldra mine fortalde at hadde sytt slik til at tyskarane skulle koma. Dei var redde det skulle bli mykje bråk og bry med å ha fienden så nær innpå livet.

Det som eg trur var min eigen første nærkontakt med Hitlers sendemenn i Noreg, minnest eg tydeleg. Eg var nedi hagen, som ligg mellom bedehuset og heimehuset vårt.

Ein tyskar stod på utsida av hagegjerdet og vinka på meg. Eg trudde eg hadde gjort noko han mislika, så eg vart forvirra og visste ikkje kva eg skulle gjera. Men han såg slett ikkje morsk ut, så eg våga meg til sist bort til han. Då tok han fram ein liten pose og gav meg ein drops. Slikt var ikkje kvardagskost i dei dagar, så frå den stunda tok eg så smått til å skifta syn på tyskarane.

Hitlers skogakarar

Dei var komne her for å arbeida i skogen. Det var mest ved dei hogde. Mange kom beinveges frå Austfronten, og opphaldet her var nok også tenkt som kvile og rekreasjon. Eg hugsar serleg ein, som bar tydeleg merke

etter krigen. Han hadde eit breitt arr frå aksla og skrått nedover ryggen, like til bukselininga. Salen i bedehuset tente både som opphalds- og soverom. Langs nordsida låg madrassene dei vanlege soldatane sov på tett i tett. På sørsida var det eit langbord med benker rundt.

I ei krå stod børsene deira, dei hadde dei ikkje med seg på skogen. Sjefen hadde rom for seg sjølv på det vesle galleriet over gangen og kjøkkenet.

Mat og drikke og kokken Josef

Me hadde ikkje straum den gongen, så maten laut dei koka på vedkomfyr. Ein soldat som heitte Josef var kokk. Han var ikkje med på skogen, og laga middag til dei andre kom heim ut på ettermiddagen. Josef var den me vart mest kjend med. Han var frå Bøhmen og hadde vore ei tid i Danmark før han kom hit, så han etter kvart snakka ei underleg blanding av tysk og dansk og imslandsmål. Eg minnest at han synte heimstaden sin på eit kart som stod i leksikonet til far. Eg ser han framleis tydleg for meg når han stod i sommarvarmen og fyrte under ein høg og smal kasserolle som han laga eit slag betasuppe i. Han rørte med ein trepåk som han hadde svadd borken av, og skiftet med å syngja og plystra attåt. Han var i det heile ein fornøyeleg kar, kortvaksen og brei med eit rundt og blidt andlet. Han var oppvaksen på ein barneheim og visste ikkje av slektningar. Han streka ofte under at han var «ganz allein», men kjærstar hadde han hatt i hopetal, både heime og i Danmark. Eg hugsar ikkje nå kva dei heitte alle, men han avslutta rekkja med «osså Borkhild».

Borghild var tenestejenta vår, som slett ikkje hadde noko til overs for han.

Fersk og salt fisk var vanleg middagsmat hjå dei. Fisker var ikkje serleg populær. Dei skar av hovudet langt bakom brystfinnane og kutta sporden av langt innpå, så det var berre eit stykke på midten dei nytta. Fisker var vel heller ikkje nett blodfersk. Han kom i kassar med lasteruta, utan korkje is eller kjøling. Ofte kom dei til oss med fisk dei ikkje lika lukta på, og sa me måtte koka han til hønsa.

Med faste mellomrom fekk dei forsyningar av drikkevarer. Store trekassar med øl frå Hansa

Bryggeri, og i tillegg ein del sterkare varer. Men noko bråk var det sjeldan hjå dei. Ein del bytte dei også bort i egg, smør og andre ettertrakta matvarer.

Kjøkkenutstyret til Josef var helst primitivt. Han var derfor stadig ute på lån. Serleg sakna han kjøttkvern. Difor høyrde det mest til dagsens orden at han kom for å låna "Fleischmaschinen", som han sa. Eg minnest mor klagar og var lei av maset hans.

Telefon hadde dei heller ikkje. Men det var berre sjefen som lånte den. Han var elles nokså ulik resten av mannskapet. Han var mellom dei yngste, men heldt tydeleg avstand til dei andre. Han helsa alltid på militær vis når han kom for å låna « der Fernsprecher » som han sa, han lærde aldri ordet telefon.

Det var mykje ville bær denne sommaren, og tyskarane var ofte på bærhenting om kveldane. Serleg var dei ute etter bringebær. Bringebær med nysilt mjølk på var ein umåteleg populær desssert hjå dei. Ved mjølketid kom dei ofte og bad om ein skvett. Josef lika best fløyte. Om laurdagskveldane separerte me oftast mjølka. Då kom han med blekkoppen sin og ville halda under røyren der fløyten kom ut.

Det høvde så at eg hadde fått ei lita leiketysag, og han ny bukse, ein kveld han var ute i slikt ærend. Då saga eg med ryggsida på saga mot buksebaken hans medan han heldt under fløytetuten. Då skal eg seia det vart fart i han, og eg er glad eg ikkje skjønna kva han sa. Men me vart vener att, etter eg hadde fått han til å forstå at eg ikkje hadde brukt tannside på saga.

Første motorsaga

Tyskarane hadde eit utstyr som gjorde stort inntrykk på alle, men ikkje minst på ein gutunge. Dei hadde motorsag.

Det var eit fælt monstrum som dei laut vera to mann til å handtera. Sagkjeden var svært grov, så det gjekk med minst ein sentimeter til kvar skur. Men ho skar grueleg fort når ho var i stand. Det låg lenge nokre store vedskier i vedskuten ved skulehuset som me kalla tyskerskiene. Dei var lette å kjenna på den grove skurden i endane



Josef ved komfyren. Teikning av Bjørg Lise Vestbo

Fredeleg sameksistens

Bedehuset og skulehuset på Hyttebøen står ved sida av kvarandre, men eg kan ikkje minnst at det skapte større problem. I skuletida var alle utan kokken på skogen. Dei modigaste gutane lika å erta Josef, men han tolde det meste. Berre ein gong hugsar eg det koka skikkeleg over for han, då hadde ein-kvan strøydd sand og jord på golvet like etter han hadde vaska.

Høge herrar til hest og viljuge onnefolk

Ein og annan gongen kom det høgare offiserar på inspeksjon. Oftast kom dei i bil, men eg minnst ein gong at to høge offiserar kom ridande. Eg trur helst dei kom frå ein tyskarleir på Sandeid. Det var hestar som gjorde inntrykk, store, brune og blanke, anna enn den halvgamle, blakke fjordingen me hadde.

Tyskarane ville gjerne hjelpe til med ymse ting. Eg minnst far snakka om at det stundom skapte problem for han.

Dei representerte trass alt fienden, og den skal ein ikkje nett ha for mykje hopehav med.

Ein torsdagskveld hadde me mykje flathøy. Høyet var raka saman i rulkar med hesteriva.

I kveldinga kom ein tyskar og spurde om dei kunne få setja det opp i såter. Same kor fint veret såg ut, kunne ein ikkje lita heilt på fredagen, meinte han. Høyet kom i såter i ein fart, men eg kan ikkje minnst noko om veret dagen etter.

Avskilsgåve og farvel

Ein dag me tok poteter bortved vegen til bedehuset, hadde tyskarane henta forsyningar oppe ved hovudvegen. Mellom anna drikkevarer. Då

kom sjefen med ei vinflaske og gav mor. Det skulle vera takk for at ho hadde hjelpt han med telefonen.

I eit fråhaldshus som det eg vaks opp i, overlevde ho jamvel 8. mai 1945, og møtte si endelykt då huset vårt brann i 1956.

Eg minnst godt dagen dei skulle fara. Det var bededagshelga. Det bles og regna. Ein soldat stod vakt oppved vegen like til bilane kom ut på ettermiddagen. Me skjønna dei var svært urolege for det som stod framfor dei. Opphaldet på bedehuset på Hyttebøen var ikkje nett det same som livet ved fronten. Skogsarbeidet i Hustoftliane hadde sikkert vore reine ferieopphaldet for dei. Fleire av dei kom og sa takk for seg før dei for.

Me høyrde aldri meir gjete dei, korkje Josef, Ernst eller dei andre me hadde blitt kjende med.

✱

Dette vart ei solskinnshistorie. Det blir det lett når ein skal fortelja noko frå barndommen. Truleg vel mykje glansbilete. Alt ein i ettertid har fått vita om tyske ugjerningar under krigen, kan likevel ikkje rikka det biletet som eg set att med av soldatane på Bedehuset. Gilde karar, korkje verre eller betre enn dei fleste av oss.